

Fiskeridirektoratet
postmottak@fiskeridir.no

SAK 23/25
REGULERING AV FISKET ETTER NORDSJØSILD
INNSPEL FRÅ PELAGISK FORENING

Pelagisk Forening meiner at gjeldande regulering, i det alt vesentlege, bør vidareførast for 2025.

Pelagisk Forening er uroa over bestandsituasjonen, og fiske på undermåls sild. Fiskerimyndighetene bør vurdere om minstemålet skal aukast.

Generelt meiner Pelagisk Forening at for fiskeri der det er flexordning skal fiske over 110 % føra til trekk på fartøynivå, og ikkje på gruppenivå. Dette vil redusere fiske utover eigen kvote.

Når fartøy har fiska over 100 % av kvoten sine bør fartøyet ikkje ha lov til å setja bruk i sjøen i same fiskeri.

Fangstar av undermåls sild kan bli kverrsett, men kvantumet kan fiskast på nytt. Kvantumet blir trekt frå gruppeknoten året etter. Generelt meiner Pelagisk Forening at kverrsettingar må trekkast frå fartøya som får fangst kverrsett.

Kvotefordelinga, mellom dei ulike fartøya, må vera klar frå nyttår. Det same gjeld fordeling eventuell soneadgang i UK.

Eventuell fordeling, av soneadgang, bør skje etter gjeldande fordelingsnøklar.

Dersom det blir loddefiske ved Island, Grønland og Jan Mayen, og storleiken på kvotane er slik at det er dårleg lønsemd å gå til Island bør det opnast for kvotebytteavtalar mot nordsjø-sild. Dette som enkelte år tidlegare. Dette forutsett at det ikkje blir kvote på lodda i Barentshavet.

I forskrift om regulering av sild i Nordsjøen og Skagerrak § 2 bokstav a siste pkt. står det at «Av totalkvoten kan inntil 2 700 tonn fiskes i EU-sonen i ICES' statistikkområde 4 og 7d.» Pelagisk Forening oppfatar det som uklårt, om og korleis dette kvantumet blir fordelt, og ber om at Fiskeridirektoratet gjer greie for korleis kvantumet blir fordelt.

Bergen: 15.10.25.

Pelagisk Forening/

Pelagisk Servicekontor AS



Ask Økland
Advokat



Mariann Frantsen
Dagleg leiar